

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune**

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, KPMG

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 31.05.2020, kl. 09:00 – ca. 13:00 (tentativt)**Møtestad:** Formannskapsrommet (Frekhaug) / fjernmøte

Det er planlagt å ha møtet i formannskapsrommet på Frekhaug, men vi vil vurdere fortløpende om møtet bør gjennomførast som eit fjernmøte, jamfør smittesituasjonen og gjeldande smittevernsreglar. Det vert ikkje servering i møtet.

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tidsplan
20/21	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 31. mai		09:00
21/21	Godkjenning av protokoll frå møtet 26. april	1	
22/21	Skriv og meldingar		
23/21	Orientering om planstrategi 2020 – 2023	2	09:30
24/21	Orientering om reguleringsplan i Bressvika	3	
25/21	Orientering om investeringsprosjekt i Alver kommune		10:30
26/21	Orientering om system og rutinar for varsling		
27/21	Oppfølging av sak 13/21 e – brev til kontrollutvalet	4	12:00
28/21	Møteprotokollar frå politiske utval		
29/21	Eventuelt		

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: tonje.husum.aarland@regionnordhordland.no eller tlf.: 928 58 413.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Med vennleg helsing

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvaletTonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær



Alver kontrollutval

Saksframlegg til møtet 31.05.2021

20/21 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 31. mai 2021

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 31. mai 2021 er godkjent.

21/21 Godkjenning av protokoll frå møte 26. april 2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 26.04.2021 er godkjent slik den ligg føre.



22/21 Skriv og meldingar

Saksopplysingar:

Ingen skriv og meldingar til møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

23/21 Orientering om planstrategi 2020 - 2023

Saksvedlegg:

Planstrategi 2020 – 2023, Alver kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vedtok i sak 17/21 å utsette den planlagde orienteringa om planstrategi til dette møtet.

Kommunal planstrategi er eit verkøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging. Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen, og tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar.

Alver kommunestyret vedtok planstrategi for Alver kommune i sak 28/20, og har vedteke endringar i planen i sak 039/21 i møtet 25.03.2021.

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om planstrategi 2020 – 2023.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



24/21 Orientering om reguleringsplan for Bressvika

Saksvedlegg:

Forskrifter til reguleringsplan for bolighelt i Bressvika, Alver kommune

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet fekk under skriv og meldingar i sak 13/21 orientering om ei henvending knytt til reguleringsplan for Bressvika og spørsmål handsama i sak 28/14 i Radøy kontrollutval.

I planregisteret på Nordhordlandskart kan ein finne oversikt over reguleringsplanar, kommune(del)planar og arealplaner som er under arbeid: [Planregister \(nordhordlandskart.no\)](http://Planregister.nordhordlandskart.no). Her ligg mellom anna forskrifter til reguleringsplan for bustadfelt i Bressvika.

Administrasjonen vil i møtet gje ei orientering om reguleringsplanen for Bressvika og prosessen kring denne.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet teke saka til orientering.

25/21 Orientering om investeringsprosjekt i Alver kommune

Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om større investeringsprosjekt i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



26/21 Orientering om system og rutinar for varsling

Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om system og rutinar for varsling i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

27/21 Oppfølging av sak 13/21 e – brev til kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Brev til kontrollutvalet datert 11.04.2021

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet gjennomgikk under skriv og meldingar i sak 13/21 e eit brev sendt til kontrollutvalet 11.04.2021 med spørsmål til handtering av to enkeltsaker knytt til opplæringslova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova. Kontrollutvalet har bedt administrasjonen om å gje ei tilbakemelding knytt til innhaldet i brevet.

Administrasjonen vil gje ei nærare orientering i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



28/21 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

29/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.



Alver kontrollutval

Møteprotokoll

Møtedato: 26. april 2021 kl. 09:00 – 13:00

Stad: Fjernmøte via Teams

Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Arild Tveranger (medlem)

Forfall:

Innkalla: Ordførar Sara Sekkingstad, Rådmann Ørjan Raknes Forthun og Kommunalsjef økonomi Janne Sund (til sak 15/21)

Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta, statsautorisert Rune Mydland og forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggen, KPMG

Sekretær: Tonje Husum Aarland, Region Nordhordland IKS

11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 26. april 2021

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26. april 2021 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste til møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 26. april 2021 er godkjent.



12/21 Godkjenning av protokoll frå møte i kontrollutvalet 25. januar 2021

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 25.01.2021

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 25.01.2021 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Ingen merknader til møteprotokollen frå førre møtet.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 25.01.2021 er godkjent slik den ligg føre.

13/21 Skriv og meldingar

- a. Oppdatert prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Opplæringslova § 9A
- b. Oppsummering av interimsrevisjon
- c. Årsmelding 2020 – Kontrollutvalssekretariatet
- d. Henvendelse til kontrollutvalet om reguleringsplan Bresvika, jf. sak 28/14 i Radøy kontrollutval
- e. Brev til kontrollutvalet datert 11.04.2021
- f. Andre henvendingar til kontrollutvalet

Saksopplysingar:

- a. *Oppdatert prosjektplan for forvaltningsrevisjon: Opplæringslova § 9A*
Kontrollutvalet vedtok i sak 06/21 prosjektplan for forvaltningsrevisjon med fokus på opplæringslova § 9A. KPMG har sendt oppdatert prosjektplan etter innspela frå kontrollutvalet i møtet om å legge til delpunkt under problemstillingane om korleis kommunen følgjer opp tilsette involvert i saker knytt til skjerpa aktivitetsplikt.



- b. Oppsummering av interimisrevisjon*
Kontrollutvalet fekk orientering om interimisrevisjon 2020 i sak 05/21, og kontrollutvalet ba om å få stikkord for oppfølginga ettersendt.
- c. Årsmelding 2020 – Kontrollutvalssekretariatet*
Kontrollutvalssekretariatet har utarbeida ei årsmelding for 2020 med informasjon om organsering, oppgåver og oppsummering av sekretariatet sitt arbeid i 2020. Årsmeldinga har vore presentert i Regionrådet i Nordhordland og vert lagt sendt til kontrollutvala til orientering.
- d. Henvendelse til kontrollutvalet om reguleringsplan Bresvika, jf. Sak 28/14 i Radøy kontrollutval*
Kontrollutvalsleiar vil orientere nærare om henvendinga i møtet.
- e. Brev til kontrollutvalet datert 11.04.2021*
Kontrollutvalsleiar vil orientere nærare om henvendinga i møtet.
- f. Andre henvendingar til kontrollutvalet*
Kontrollutvalsleiar vil orientere nærare om andre henvendingar til kontrollutvalet i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Behandling i møte:

- a. Forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggen orienterte om status for arbeidet med forvaltningsrevisjonen, som er i gang som planlagt.
- b. Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte om oppsummeringspunktet frå interimisrevisjonen.
- c. Kontrollutvalssekretær orienterte om sekretariatet sin årsmelding for 2020.
- d. Kontrollutvalet har motteke ei henvending om reguleringsplan i Bresvika, og det er mellom anna stilt spørsmål til om kva reguleringsplan som er gjeldande. Dette er ein komplisert sak som går langt tilbake i tid. Rådmann orienterte om at det er eit gjeldande vedtak knytt til planen frå Fylkesmannen. Administrasjonen kan orientere nærare om saka i eit seinare møte.
- f. Kontrollutvalet har motteke henvending om ei sak som er knytt til arbeidsmiljø for ein lærar i Alver kommune. Det ligg sensitiv informasjon om dei berørte i saka, og kontrollutvalet har motteke eit notat som er unnateke offentlegheit etter forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13. Kontrollutvalet drøfta å lukke saka, slik at



kontrollutvalet kan bli informert i detalj om dei hendelsene som det er kome informasjon om.

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet på dette punktet i saka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.

Kontrollutvalet fekk i lukka møtet informasjon om henvendinga knytt til arbeidsmiljø for ein lærar i Alver kommune. Saka er ein pågåande sak, og kontrollutvalet drøfta å ta innspela til problematikken inn i det vidare kontrollarbeidet og arbeidet med forvaltningsrevisjon knytt til tema.

Kontrollutvalet opna opp igjen møtet etter dette punktet.

e. Kontrollutvalet har motteke eit brev datert 11.04.2021 som omhandlar handtering av to enkeltsaker knytt til opplæringslova, arbeidsmiljølova og forvaltningslova. Kontrollutvalet vert beden om å gjennomgå desse to sakene som er peika på. Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte kort om rutinar kring denne type saker, og kontrollutvalet drøfta korleis dei eventuelt kan følgje opp førespurnaden i brevet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Kontrollutvalet ber om at administrasjonen gjev ein orientering om reguleringsplan i Brevvika til neste møte i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tek henvendingar og brev om saker knytt til arbeidsmiljø for lærare i Alver kommune til etterretning, og vil ta innspela med i det vidare kontrollarbeidet og arbeidet med forvaltningsrevisjon knytt til tema.

Kontrollutvalet ber om at administrasjonen gir ein tilbakemelding knytt til innhaldet i brevet datert 11.04.2021 i neste møte i kontrollutvalet.

14/21 Prosjektplan for eigarskapskontroll

Saksvedlegg:

Framlegg til prosjektplan for eigarskapskontroll; Generell eigarstyring, KPMG

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vedtok i sak 07/21 i møtet 25.01.2021 å bestille ein prosjektplan for eigarskapskontroll av den generelle eigarstyringa i kommunen, jamfør plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024.



Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøke om eigarskapet i Alver kommune er i samsvar med regelverk og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Det er i framlegg til prosjektplan følgjande problemstillingar:

1. I kva grad blir eigarinteressene til kommunen utøvde i samsvar med;
 - a. Gjeldande regelverk?
 - b. Etablerte normer for god eigarstyring?
 - c. Kommunen sine prinsipp for god eigarstyring?

Forvaltningsrevisor frå KPMG vil i møtet orientere nærare om prosjektplanen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek prosjektplan for eigarskapskontroll om generell eigarstyring, slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggem orienterte om prosjektplan for eigarskapskontroll om generell eigarstyring.

Generell eigarstyring er ei overordna analyse av kommunen sin styring og oppfølging av eigarskap. Eigarskapskontrollen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som formål å gje tilrådingar om tiltak dersom det vert avdekkja forbetningsområde.

Eigarskapskontrollen vil kunne vere eit bidrag inn i det strategiske arbeidet knytt til eigarstyring kommunen har planlagt å gjennomføre.

Oppdraget er estimert til 85 timar, og eigarskapskontrollen er forventa klar til handsaming i kontrollutvalet i løpet av hausten 2021.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek prosjektplan for eigarskapskontroll om generell eigarstyring slik den ligg føre.



15/21 Årsmelding og rekneskap 2020

Saksvedlegg:

Årsmelding og rekneskap 2020, Alver kommune

Revisjonsmelding 2020 og revisjonsmerknader, KPMG (*ettersendt*)

Framlegg til uttale, Sekretariatet (sendt til intern gjennomgang til kontrollutvalet)

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet skal vidare påsjå at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

Framlegg til uttale vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet for intern gjennomgang. Den vedtekne uttalen vil komme fram av endeleg vedtak i kontrollutvalet og vert vidare sendt til formannskapet og kommunestyret.

Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 og revisjonen legger fram revisjonsmeldinga og gjennomgå sine merknader til rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek framlegg til uttale med eventuelle endringar.

Behandling i møte:

Økonomisjef Janne Sund orienterte om rekneskapen og årsmeldinga for 2020, og orienterte nærare om:

- Resultatet i 2020 og endring i berekning av minimumsavdrag
- Driftsutgifter og avviksanalyse
- Investeringsrekneskapen
- Nøkkeltal – foreslåtte måltal for 2020
- Risikoeksponering
- Internkontroll 2020
- Etikk, likestilling og tiltak mot diskriminering
- Note 13 om koronarekneskapen i 2020.



Statsautorisert revisor Harald Sylta og Rune Mydland orienterte nærare om oppsummering frå revisjonen 2020, og orienterte nærare om kommentarar/funn og anbefalingar knytt til:

- Inntekter
- Innkjøp
- Lønn og pensjon
- Investeringer
- Bank og finans
- Andre forhold.

Det er levert ein normalberetning, som betyr at revisor meiner at rekneskapen gjev ein dekkande framstilling av den økonomiske stillinga til kommunen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen og årsberetninga for Alver kommune for 2020, jf. kommuneloven § 14-3 tredje ledd, samt revisjonsberetning for 2020 med oppsummeringsrapport.

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Alver kommune sin årsrapportering for 2020:

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsberetninga i stor grad tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov, er ryddig oppstilt og følgjer lovkrava.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

- **Økonomisk resultat**
Rekneskapen for 2020 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 36 mill. kr. For å ha ein sunn økonomi, er det i kommunesektoren tilrådd at netto driftsresultat bør vere på minimum 1,75 % av driftsinntektene. Eit godt driftsresultat er viktig for å kunne ha tilstrekkeleg økonomisk handlefridom. Alver kommune har i 2020 eit netto driftsresultat på 10,8 mill. kr som utgjer 0,4 % av driftsinntektene.
- **Årsrekneskap og årsberetning**
Kommuneloven § 14-6 og § 14-7 omhandlar krava til årsrekneskap, bokføring, og årsberetning. Kapittel 5 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner spesifiserer obligatoriske oppstillingar og opplysningar til mellom anna sentrale oversikter for drift, investeringar, balanserekneskapen og budsjettavvik, samt faste noter til årsrekneskapen.



Rekneskapen og årsberetninga var levert innan tidsfristane 22. februar og 31. mars. Det er teke i bruk nye oppstillingar etter ny kommunelov, som er gjeldande frå rekneskapsåret 2020.

Årsberetninga gjer mellom anna greie for forhold som er viktige for den økonomiske utviklinga, vesentlege avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap og kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingar, måloppnåing, tiltak for å sikre ein høg etisk standard, kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevars aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Det er vidare gjort greie for arbeidet med internkontroll i 2020 og planar for oppfølging av dette i 2021 og 2022.

- **Revisjon**

Revisor har konkludert med at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Alver kommune per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Revisjonsberetninga inneheldt ikkje atterhald, og er slik sett ein «rein» revisjonsberetning. Oppsummeringsrapporten gir ei oppsummering av tilhøve som revisjonen har avdekka som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen som heilskap, men som er kommentert for å gi utfyllande informasjon om resultatet av revisjonsgjennomgangen.

Konklusjon

Kontrollutvalet viser elles til det som går fram av revisjonsmeldinga, og vil i løpet av 2021 følgje opp revisor sine kommentarar til rekneskapen.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmelding til rekneskapen og oppsummeringsrapporten, har kontrollutvalet ingen merknader til årsmeldinga og årsrekneskapen for Alver kommune for 2020.



16/21 Orientering om koronasituasjonen

Saksopplysingar:

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om oppfølging og tiltak kring koronasituasjonen, samt vaksinerings i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Denne saka vart handsama før sak 15/21.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte kort om status i koronasituasjonen. Det har stort sett vore relativt lågt smittetrykk i Alver kommune. Det vert jobba fortløpande med å følgje opp nærkontakter. Dei fleste smittetilfella er knytt opp mot arbeidsinvandring.

Alver kommune følgjer i utgangspunktet dei nasjonale reglane, men har hatt nokre unntakt ved innføring av forskrift som i stor grad har vore knytt opp mot status i Bergen kommune.

Registrerte utgifter knytt til oppfølging av smittesituasjonen er i stor grad dekkja av statlege tilskot. Det har elles vore ei litt anna arbeidskvardag med andre tilretteleggingar og omsyn knytt til gjeldande smittevernsreglar. Tilsette har jobba i meir krevande rammer enn til vanleg.

Det har vore eit særleg fokus på barn og unge, og det har vore politisk drøftingar for korleis ein kan følgje opp denne gruppa særskild.

Det er i underkant av 1000 vaksinar som vert sett kvar veke, og dei aller fleste vert sett via massevaksinerings i Nordhordlandshallen. Det er kome positive tilbakemeldingar frå innbyggjarane knytt til gjennomføringa. Det er oppdatert informasjon om vaksineringsprosessen og koronasituasjonen elles på heimesida til Alver kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



17/21 Orientering om planstrategi 2020 - 2023

Saksopplysingar:

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging. Planstrategien skal drøfte utviklingstrekk i kommunen, og tek stilling til kva samfunnsutfordringar som skal møtes av nye, eller revidering av eksisterande planar.

Alver kommunestyret vedtok planstrategi for Alver kommune i sak 28/20, og har vedteke endringar i planen i sak 039/21 i møtet 25.03.2021.

Administrasjonen er beden om å orientere nærare om planstrategi 2020 – 2023.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet utsetter saka til neste møte i kontrollutvalet.

18/21 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Ingen kommentarar til møteprotokollar frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.



19/21 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Det er forslag om å sette opp ein orienteringssak om kommunen sine varslingsrutiner på neste møte i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at det vert orientert nærare om kommunen sine varslingsrutiner til neste kontrollutvlasmøtet.

26.04.2021

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



ALVER
KOMMUNE

Planstrategi for Alver kommune

Revidert versjon 2021 -2024



1 Innleiing

Kommunal planstrategi er eit verktøy for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging.

Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I tråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet si (KMD) tilråding har dei tre kommunane som blir Alver kommune frå 1.1.2020 vedteke å samordna planbehovet med heimel i PBL. § 9-1, før ny kommune formelt trer i kraft.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege myndigheter si medverknad i planlegginga i Alver kommune



1.1 Mål og visjonar for Alver

Alver kommune skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling (Intensjonsavtalen).

1.1.1 Verdier, mål og prinsipp

Følgjande er lagt til grunn i intensjonsavtalen for Alver kommune.

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

1.2 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Kommunal planlegging er eit verktøy for å få ein berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentleg sektor.

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verden sin felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse og stanse tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.


Kommunar har ein sentral rolle i å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast innbyggjarane, lokale bedrifter og organisasjonar. Kommunane er ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til folk. I Alver har berekraftmåla vore ein del av arbeidet med utfordringsnotatet og vil vere ein del av planane som planstrategien tilrår.

2 Plansystem og planarbeid i Alver

I Alver kommune skal planer vere eit godt styringsverktøy. Kva planer som blir prioritert vert vist i planstrategien. Planstrategien omtaler korleis plansystemet for Alver skal vere bygd opp med definisjonar av plantypar, omtale av rutinar, organisering og medverknadstrategi for planarbeid.

2.1.1 Planlegging som del av kommunen sitt styringssystem

Figuren nedanfor gjev ei oversikt over planane som inngår i kommunane sitt plan- og styringssystem:



Kommuneplanen samfunnsdel	Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og som organisasjon. Samfunnsdelen gjev føringar for underordna planar i alle sektorar i kommunen.
Kommuneplanen arealdel	Kommuneplanen sin arealdel omfattar heile kommunen. Den er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å bygge opp under mål og strategiar i samfunnsdelen.
Økonomiplan	Økonomiplanen skal omfatte heile kommunens virksomhet og gje realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Økonomiplanen skal omfatte minst ein 4-års periode, og vert revidert kvart år.
Årsbudsjett	Årsbudsjett er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av disse i budsjettåret. Årsbudsjettet skal konkretisere økonomiplanen.
Kommunedelplanar	Kommunedelplaner (KDP) kan utarbeidast for bestemte områder (areal), tema eller virksomhetsområder. Dei skal følgje opp utvalte mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. KDP areal har same juridiske status som kommuneplanen .
Temaplaner	En temaplan er kommunen sin strategiske plan om eit spesifikt tema. Temaplan skal ta utgangspunkt i hovedmål og delmål fra Kommuneplanen, og bør innehalde oversikt over kva mål og strategiar temaplanen skal bidra til å nå.
Strategiar	Overordna strategi skal vise retning, ramme og føringar for det vidare utviklingsarbeidet innan for tema eller område

Reguleringsplan	Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegn som seier noko om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering:
	Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som brukast der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen har behov for å gje meir detaljerte områdevisse avklaringar av arealbruken.
	Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekter.
Verksemdplaner	Verksemdsplaner er eit arbeidsverktøy for verksemdsleiar og tilsette. Dei er ein del av kommunen sitt styringssystem.

2.2 Organisering av planarbeid

Tenesteområde plan og analyse skal ha ansvar for å prosjektstyre og samordne fag og temaplanar. Planarbeid i Alver skal i hovudsak organiserast som prosjekt. Det vert utarbeida ein prosjektomtale der mandat, organisering og ressursbruk blir avklart. Det skal og avklarast korleis planane skal følgjast opp etter vedtak.

2.3 Medverknad

Samfunnsplaner betyr noko for innbyggjarane sine liv. Det skal vere rom for dialog og medverknad, og opne avgjerdsprosessar i planarbeidet.

2.3.1 Strategi som skal leggast til grunn for kommunen sitt planarbeid:

- Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
- I innbyggjarportalen skal for Alver skal planer gjerast tilgjengelig så snart dei er vedteke
- Det skal vere system for å følgje planer i prosess digitalt
- Det skal leggast tilrette for tidlig involvering i kommunen sine planprosesser
- Barn og unge sine stemmer skal ha eit særlig fokus
- Vi vil bruke Innovative og kreative medvirkningsmetoder i arbeidet med kommunen sine overordna styringsdokument og planarbeid

3 Alver kommune sine utfordringsbilete

I nasjonale forventningar til lokal og regional planlegging peikar regjeringen på at vi står overfor fire store utfordringar:


- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

3.1 Utviklingstrekk i Alver


01.01.2020 er Radøy, Lindås og Meland kommunar blitt ein kommune. Som ein stor kommune, både geografisk og i folketal, står Alver kommune ovanfor nye utfordringar og moglegheiter. Det er utarbeida eit mogeligheit og utfordringsnotat som tek utgangspunkt i nasjonal og regional statistikk. Målet er å skape eit bilete av den nye kommunen, kva status er, har vore og kva utfordringar og moglegheiter ein ser framover. Ved bruk kunnskapsbasert data kan vi peike på nokre tema som vil vere med å danne grunnlag for prioritering av planoppgåver i Alver.

3.1.1 Befolkningsframskrivingar og framtidig demografi


Som følge av sterk tilflytting og innvandring har Alver hatt sterk folketalsvekst dei siste tiåra. Dei siste fem åra har innvandringa og tilflyttinga til kommunen vore betydeleg svakare, og dermed har og folketalsveksten bremsa.



Prognosane for framtidig befolkningsutvikling byggjer på dei historiske trendane. Den fallande tilflyttinga og innvandringa dei siste åra er blitt reflektert i lågare forventningar til folketalsvekst i dei yngre aldersgruppene. I gjeldande folketalsprognose ligg det an til at aldersgruppene under 50 år vil få ein nokolunde stabil utvikling i åra som kjem, medan det er venta vekst i aldersgruppene over 50 år.



Med omsyn til den geografiske fordelinga internt i Alver kommune er det venta at dei sentraliserande tendensen som har vore rådande dei siste åra vil halde fram. Folketalsveksten er konsentrert i aksen Alversund-Frekhaug, medan dei andre områda av kommunen er venta meir eller mindre same folketal som i dag.



Som ein del av Bergensregionen kan ein forvente at dei sørlegaste delane av den nye kommunen vil oppleve stor tilflytting på grunn av sin nærleik til Bergen. Dette viser og befolkningsprognosane frå SSB og Hordaland fylkeskommune, som begge spår ei auke på rett i overkant av 20 % dei neste 22 åra. Dersom prognosane treff vil dette bety at dagens befolkning på 28 997 vil passere 30 000 i løpet av 2021, og nå 35 000 i løpet av 2039. Samanlikna med landet vil Alver ha ein sterk befolkningsvekst.

3.1.2 Folkehelse og levekår

Folkehelsearbeid er samfunnet si samla innsats for å oppretthalde, betre og fremje helsa i befolkinga.

Sosial ulikheit i helse er systematiske helseforskjeller som følgjer inntekt, yrke og utdanning. Slike ulikskaper finn vi for dei fleste mål på helse, for begge kjønn og i dei fleste aldersgrupper.

Vi kan sjå på helse som endepunktet i ei årsakskjede. Grunnleggande sosiale tilhøve som utdanning og økonomi vil saman med miljøtilhøve, levevanar og helsetenester påvirke helsa. Kommunen kan setje inn tiltak for å bedre helsa og utjevne helseforskjeller på alle ledd i årsakskjeden. Nøkkelen til reduserte helseulikskaper ligg i den samla innsatsen, og ikkje i nokon få enkelttiltak. Her har Alver verkemiddel.

Når Alver kommune lager planar eller godkjenn tiltak, bør ein reflektere over:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ulikt ut for ulike grupper?
- Sikra kommunen aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga?
- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierer som gjer at ikkje alle kan gjere nytte av tiltaket eller tenesta?
- Krev tiltaket, arealet eller tenesta spesielle kunnskap eller ressursar som er ulikt fordelt i befolkinga?

Desse vurderingane må byggje på statistikk og analysar, og kunnskap om lokale tilhøve. Som eksempel kan ein leggje til grunn at barn og unge som ikkje bur nær lokalsentra i Alver, i stor grad vil vere avhengig av å bli køyrt med bil for å kunne delta på ulike sosiale arenaer. Dei som ikkje bur nær eit grøntområde/tursti vil ikkje kome seg på tur utan at nokon kan køyre dei. Men ikkje alle har bil sjølv, eller noen som kan køyre dei. Vi veit og at ungdom i Alver ynskjer fleire tilbod på fritida si. Kva skal dei halde på med om dei ikkje er med i korps eller idrettslag? Slik lokalkunnskap, kunnskap om sosial ulikskap, og tydinga av mellom anna deltaking for folkehelsa, må leggest til grunn for avgjerder i Alver kommune. Det må ein kunne sjå igjen både i planstrategien, kommuneplanen sin samfunnsdel, og i arealdelen med formål, føresegner og omsynssoner. Det er utarbeida ein folkehelseoversikt for Alver.

3.1.3 Busetjingsmønster og senterstruktur

Med areal på om lag 680 kvadratkilometer er Alver kommune blant dei større kommunane i Vestland fylke. Frå Nordhordlandsbrua til dei ytste delane av Lindåshalvøya, Radøy eller Holsnøy er det mellom tre og fire mil. Dei viktigaste samferdsleårene i kommunen er Europaveg 39 over Flatøy og vidare langs sørsida av Lindåshalvøya, og fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad.

Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug-Knarvik- Alversund, som har hatt sterk vekst dei siste tiåra. Kommunen kjenneteiknast likevel av eit spreidd busetjingsmønster.



Knarvik er regionsenter. Rolla til Knarvik som kommunesenter er å tilby tenester for heile kommunen. Knarvik har funksjon som lokalsenter for dei 9 500 innbyggjarane, som har det som næraste senter. Av lokalsentera er det Frekhaug som har flest innbyggjarar i sitt omland. Dei 5 360 innbyggjarane som sokna til Frekhaug utgjorde 19 prosent av innbyggjartalet i Alver i 2018. Folketettleik kring sentera er òg med å støtte opp under handel- og tenestetilbod og påverkar kva type handel eller tenester det er marknad for.



Kart som syner kvar folk bur i Alver

3.2 Berekraftig utvikling som premiss

Alver kommune ynskjer ei utvikling som imøtekjem vårt forbruk og investeringar, utan at det svekker innbyggjarane sine moglegheiter til i framtida å få dekkja sine sosiale, kulturelle, økonomiske og

materielle behov. Det å vere ein kommune i vekst i ein attraktiv region, vil om det handterast på ein god måte, gje positive ringverknader. Ei utvikling med berekraft som eit prinsipp medfører at innsatsen må rettast mot fleire områder. Alversamfunnet legg til grunn at kjerna i berekraftig utvikling er å behandle økologisk, økonomisk og sosial berekraft i ein samanheng.



Sosial berekraft: Eit samfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, eigna bustader, og gode bumiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.

Økonomisk berekraft: Eit samfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferd- og tenestetilbod.

Miljømessig berekraft: Eit samfunn som tek overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å førebygga klimaendringar.



4 Vurdering av planbehov i Alver

Vurdering av planbehovet for Alver er basert på:

- Intensjonsavtalen
- Status og erfaringar med kommunal planstrategi i dei tre kommunane
- Planstatus i dei tre kommunane med særleg fokus på planoppgåver som er vesentlege å ha på plass i ein tidlig fase i ny kommune
- Nasjonale og regionale rammer for planlegging og ynskje om meir effektiv planlegging
- Mogelighet og utfordringsdokumentet

Prioritering

- 1) Behovet for felles kommuneplan for Alver kommune
- 2) Tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentra i Alver kommune (Regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter)
- 3) Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – utviklingsaksen Frekhaug – Knarvik - Alversund
- 4) Tydeleggjering av rolla som samfunnsutviklar og utvikling av framtidretta tenester

4.1 Behov for felles kommuneplan for Alver

Mål for samfunnsutviklingen skal avklarast gjennom ny kommuneplan. Samfunnsdelen har ein viktig rolle som verktøy for planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medvirkning. Skal samfunnsdelen ha ein slik rolle for kommunestyre i Alver, bør den utarbeidas uavhengig av arealdelen og vedtakast så tidlig som mulig i perioden.

Når kommunar slår seg sammen vil den enkelte kommune sine arealplaner gjelde som før sammenslåinga. Gjeldande arealdeler vil i realiteten bli tre kommunedelplanar i den nye kommunen. Planane vil ikkje vere samordna. Innbyggjarane og næringsliv i Alver treng ein føreseieleg og felles forvaltningspolitikk. Målet er difor å få vedteke ein ny arealdel for den nye kommunen så raskt det er mulig.

4.1.1 Kommuneplan for Alver vert utarbeida i planperioden i to fasar:

- Samfunnsdelen med overordna arealstrategi vedtak innan 2021
- Arealdelen i tråd med ny samfunnsdel, med vedtak innan 2023


4.1.2 Andre områder med planleggingsbehov

Ny overordna politikk for samfunnsutviklinga vil bli nedfelt i ny kommuneplan. Nye strategiske planbehov utover det er knytt til ulike samfunnsutfordringar der kommunen har behov for kunnskap eller utdjuing. Det er behov for planer på områder der det er nødvendig å få på plass ein felles politikk, forvaltning eller prioritering av tiltak, så tidlig som mulig.



5 Revidert planstrategi for Alver 2021-2024

Slik arbeider vi med planer i Alver



Samfunnsdel for Alver

Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste strategiske verktøy for å samordne samfunnsmåla for Alver.

Prosess for arbeid med samfunnsdel for Alver kommune

Å byggje den nye kommunen skal bety noko for utviklinga av stadsidentitet og tilhørsle, og for framtida sitt miljø og samfunn. Ein felles kommuneplan vil leggje føringar for korleis ønska vekst og utvikling skal skje. Det er viktig at Alver er kjent med sine framtidige utfordringar og at kommuneplanen synleggjer kva ulike behov og omsyn som skal bli vekta mot kvarandre. Det er utarbeida eit utfordringsnotat som skal danne grunnlag for å velje ut kva hovudtema vi skal fokusere på i planen.

FN's berekraftsmål skal leggest til grunn for Alvers nye kommuneplan. Berekraftsmåla vil vere ein del av kommunen sitt overordna styringsmål, og det må etablerast eit system som sikrar at berekraftsmåla blir følgt opp og at resultat blir oppnådd. Det vil vere eit godt plangrep å få på plass arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Arealstrategien kan medverke til heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk. Arealstrategien gjev langsiktig retning til areal- og ressursforvaltninga til kommunen.

Organisering

Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er organisert som eit prosjekt med ei administrativ prosjektgruppe og med tilhøyrande tverrfaglege arbeidsgrupper for å sikre god fagleg diskusjon av alle tema. Formannskapet er politisk styringsgruppe for prosessen. Det blir lagt opp til tett samarbeid mellom prosjektgruppa og politisk styringsgruppe.

Medverknadsstrategi for samfunnsdelen og kommunedelplanane

Kommuneplanen sin samfunnsdel er viktig for alle som bur og driv næring i Alver kommune. Målet er å sikre brei og god medverknad på alle tema planane skal omhandle. I løpet av prosessen vil vi legge opp til god tid til medverknad og hente inn innspel frå tre hovudgrupper; innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv, administrasjonen og politiske råd og utval. Målet er å motivere flest mogleg til å kome med innspel. Strategien er å seinke terskelen, ved å ta i bruk blant anna etablerte møteplassar, digitale verktøy og sosiale medier.

Form

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit kortfatta, spissa og tydelig dokument. Planen skal vere eit konsistent planverktøy som sikrar god styring gjennom handlingsplan/ økonomiplan og andre plandokument i perioden. Arealstrategiane skal gje overordna føringar for kommunen si fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv og leggast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

5.1.1 Samfunnsanalyse/mulighetstudie i aksen Frekhaug – Knarvik- Alversund

Heilskapleg utvikling av den sørlege delen av kommunen – aksen Frekhaug – Knarvik – Alversund. Dei største konsentrasjonane av busetnad finn vi sør-vest i kommunen, langs aksen Frekhaug- Knarvik- Alversund, I dette område er det fleire nyleg vedtekne planer og omfattande planer i prosess. Her er det tilrettelagt for bustader, næring og infrastruktur. Samfunnsanalysen vil vurdere potensiale i eit overordna perspektiv, med fokus på dagens situasjon og vurdering av planane i området. Slik kan vi og ta strategiske val med omsyn til korleis vi skal utvikle gode bustadmiljø, grøn mobilitet, grønstruktur og næring. Det skal utarbeidast ei samfunnsanalyse/ moglegheitsstudie for aksen Frekhaug-Alversund- Knarvik.

5.1.2 Samfunnsanalyse og mulighetstudie for kommune, lokal- og nærsenter i Alver

I Intensjonsavtalen for Alver kommune er det vedteke ein senterstruktur for den nye kommunen. Knarvik er kommunesenteret i Alver kommune, men har også funksjon som regionsenter i regionen Nordhordland. I tillegg har Frekhaug, Manger, Ostereidet, Lindås, Vikebø og Bøvågen status som lokal og nærsenter. Arbeidet med ein mulighetstudie for kommune, lokal- og nærsenter i Alver er i slutfasen.

Planer i revidert i planstrategi 2021-2023				
Kommuneplan	Status vår 2021 /om planen	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Samfunnsdelen med overordna arealstrategi	I prosess	V-2020	H-2021	Plan og analyse
Arealplan (KPA)	Arbeid med kunnskapsgrunnlag og planlegging av formell planoppstart med planprogram er starta	V-2022	H-2023	Plan og analyse
Kommunedelplanar	Status vår 2021/om planen	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Kommunedelplan for oppvekst	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2021	Prosesstyrt frå plan og analyse Oppvekst fagansvarleg
Kommunedelplan for helse og omsorg	I prosess. Planprogram er vedtatt. Felles medverknad med samfunnsdel	V-2020	V-2021	Prosesstyrt frå plan og analyse. Helse og omsorg fagansvarleg
Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv	Organisering av arbeidet i prosess	H-2021	H-2022	Prosesstyrt frå plan og analyse Kultur fagansvarleg
Planer	Status vår 2021/om planen	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Kulturminneplan	Ikkje starta, Kunnskapsgrunnlag til KPA under arbeid	H-2021	V-2022	Kultur i samarbeid med plan og analyse
Temaplan for vatn og avlaup	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Teknisk forvaltning og drift
Temaplan for kommunale vegar	Ikkje starta	V-2022	2022/23	Teknisk drift og forvaltning ansvar- knytt

				opp mot strategi for Miljøløftet
Temaplan vedlikehold for kommunal bygningsmasse	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag og kartlegging er utført.	V-2021	H-2022	Teknisk drift og forvaltning
Strategisk næringsplan	Ikkje starta. Overordna mål og strategiar for næringsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen	V-2022	H-2022	Samfunnsutvikling
Bustadsosial handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for bustadsosial handlingsplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen Arealdisponeringar er ein del av KPA og reguleringplanarbeidet	H-2022	H-2023	Prosesstyrte frå plan og analyse. Helse og omsorg og eiendom i tverrfagleg team
Plan for å styrke fastlegetenestene i Alver kommune	Ikkje starta	H-2021	H-2021	Helse og omsorg
Veteranplan (Forsvaret)	Ikkje starta	V-2023	V-2023	Helse og omsorg
Temaplan friluftslivet sine ferdselsårer	Prosjektmandat vedteke. Planarbeidet er starta opp	V-2021	V-2022	Kultur prosjektstyre, plan og analyse i plangruppa

Landbruk Handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for landbruksplan er ein del av arbeidet med samfunnsdelen og arealstrategiar. Tema er og sentralt i kunnskapsgrunnlaget til KPA. Det skal med utgangspunkt i dette utarbeidast ein eigen handlingsplan knytt til tema.	H-2022	V-2023	Landbruk har prosjektansvar Plan og analyse i prosjektgruppa
Klima og miljø Handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for klima og energi er ein del av arbeidet med samfunnsdelen. Det vert deretter utarbeida ein handlingsplan knytt til tema.	V-2022	H-2022	Plan og analyse prosjektansvar
Handlingsplan for trafikksikkerheit	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for trafikksikkerheit er ein del av arbeidet med samfunnsdelen og grønn mobiltet. Det vert utarbeida eigen handlingsplan knytt til tema.	V-2022	H-2022/23	Teknisk drift og forvaltning ansvar. Plan og analyse i prosjektgruppa
Ruspolitisk handlingsplan	Arbeidet er ikkje starta. Overordna mål og strategiar for ruspolitikk er ein del av arbeidet med samfunnsdelen. Det vert utarbeida eigen handlingsplan til tema knytt opp mot samfunnsdelen.	H-2022	V- 2023	Helse og omsorg prosjektansvar
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Ansvarleg
Overordna strategi for tema i Miljøløftet	Mandat for arbeidet avklart	H-2021	V-2022	Samfunnsutvikling Samarbeid med teknisk drift og forvaltning
Strategi for grønn mobiltet, Gå og sykle i Alver	I prosess. Sykkel-strategi klar vår 2021. Gå-strategi vert sett i samheng med og starta	V-2022	H-2022	Plan og analyse

	formelt opp, etter vedteke plan for friluftlivets ferdselsårer			
Mulighetstudie Frekhaug-Alversund-Knarvik	Ikkje starta. Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan.	V-2021	V-2022	Plan og analyse
Digitaliseringstrategi	Ikkje starta	V-2022	H-2022	Rådmann
Mulighetstudie for lokal og nærsenter	I prosess Kunnskapsgrunnlag for kommuneplan, samfunnsdel og KPA	V-2020	V-2021	Plan og analyse
Mulighetstudie Meland ungdomskule	Mandat under arbeid	V-2021	H-2021	Eiendom
Mulighetstudie Alversund skule	I prosess	V- 2020	V-2021	Plan og analyse
Reguleringsplaner	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Regulering Ny Alversund bru	Regulering av Alversund bru. Planarbeidet er varsla oppstart og i prosess	V-2021	H-2022	Fylkeskommunen har prosjektansvar. Plan og analyse i samarbeid med planforvaltning deltek i planarbeidet.
Regulering av gang og sykkelveg. Hagelsund bru	Forprosjekt avslutta – uklart når sjøve reguleringplanarbeidet startar opp			SVV må prosjektstyre arbeidet
Kommunedelplan E39	Planprogram vedteke, planarbeid i prosess		V-2022	SVV Prosjektstyrer arbeidet. Plan og analyse i prosjektgruppa

Kommundelplan for Sambandet vest	Planprogram vedteke, omfattande merknader til ein eventuell vidare planprosess. Politisk sak om vidare prosess			Plan og analyse/samarbeid med Askøy kommune
Planer	Status feb.2021	Oppstart	Avslutt	Ansvar
Områderegulering Langelands-skogen/Frekhaug nord	I prosess		Avheng av prosess etter høyring	Plan og analyse
Områderegulering Ostereidet	I siste fase før endelig vedtak		2021	Plan og analyse
Områderegulering Knarvik	ikkje starta	H-2021	2023	Plan og analyse
Områderegulering Mjåtveitstø/Dalstø	I prosess		Avheng og av prosess etter høyring	Plan og analyse

FORSKRIFTER TIL REGULERINGSPLAN FOR BOLIGFELT I BRESSVIKA

I HENHOLD TIL § 30 I PLAN- OG BYGNINGSLOVA

§ 1 – GENERELT

Forskriftene gjelder for avgrenset område som er merket med kraftig stiplet linje.

Arealet skal disponerast slik:

- Nye boligtomter
- Eksisterende bygninger med tomter
- Fritidsbebyggelse/naust
- LNF – område
- Industri/næring
- Felles kjøreveg/gangveg/parkering
- Friområde
- Område for naust/marina
- Friluftsområde

§ 2 - BYGGEOMRÅDE

2.1

Boligene kan bygges med inntil 2 etg. Plassering som vist. Av estetiske forhold kan det tillates 10 % plasseringsavvik.

2.2

Det tillates bebygd areal herunder bolig, naust og eventuell garasje inntil 25 % av tomtearealet. Tomt regulert til industri/næring tillates bebygd som vist i plankartet.

2.3

I alle byggemeldinger skal det fremlegges situasjonsplan i målestokk 1:1000.

Situasjonsplanen skal vise hvor på tomten boligen skal plasseres og hvordan den utbygde delen av tomten skal utnyttes. Det skal også fremgå i situasjonsplanen avkjøring til felles veg, eventuelt planlagt garasjeplassering og trafikkareal.

2.4

For det område som skal benyttes til naust, marina og parkeringsplass skal det utarbeides bebyggelsesplan som viser plassering og høyder. Bebyggelsesplanen skal være godkjent før området kan bygges ut. Det skal fremlegges egen byggemelding for utbygging i området

§ 3 – TRAFIKKOMRÅDE

3.1

Vei til friluftsområde og badevik skal ved tilknytning til offentlig vei tilrettelegges for av og påstigning for offentlig transport. Felles kjørevei skal fult ut opparbeides av utbygger og vedlikeholdes av eierene.

3.2

Det skal opparbeides miljøstasjon og postkassestativ på areal satt av til miljøstasjon i plankartet.

3.3

Innenfor området satt av til frisikt skal det ikke tillates høyere mur/beplantning enn 0,5 meter. Det er heller ikke tillatt å føre opp noen bebyggelse innenfor sonen, dette gjelder ny bebygging og eventuelt tilbygg til eksisterende bygg.

§ 4 FRIOMRÅDE/FRILUFTSOMRÅDE

4.1

Friluftsområde er regulert for bruk av allmennheten. For friområdet skal det utarbeides vedtekter for bruk og vedlikehold.

Plan- og bygningsloven med forskrifter og vedtekter skal gjelde.

Revidert 02.07.02

Sak til kontrollutvalet i Alver kommune

Bakgrunn

Under den «opne spørjetimen» på kommunestyremøtet 29.oktober 2020 vart rådmannen spurd om korleis administrasjonen handsamar saker som kjem inn under Opplæringslova paragraf 9a, og kva som vert gjort for å skape eit «eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø» på skulane, ikkje berre for elevane - men også for dei tilsette Jfr. Arbeidsmiljølova paragraf 2-2.

I sitt svar forsikra rådmannen forsamlinga om at Opplæringslova og Arbeidsmiljølova blir følgd. Ingen av dei tilsette i kommunen «treng føle uro», vart det sagt. Det vart og gitt ei innføring i kva rutinar som er knytt til slike saker (paragraf 9 a). Rådmannen avslutta innlegget sitt slik: - Det at kommunen tek slike saker på alvor, bør gje kommunen tillit.

Tillit er stikkordet. Bakgrunnen for at desse spørsmåla vart tekne opp, hadde sitt utgangspunkt i to saker som oppstod i vårsemesteret 2019 på ein av ungdomsskulane i Lindås kommune. Kommunen si handtering av sakene vekte sterke reaksjonar i lokalsamfunnet. Gjennom lokalaviser og sosiale media kom det til uttrykk ein grunnleggjande mistillit til korleis kommuneadministrasjonen hadde gått fram i desse sakene. Det rådde ei oppfatning av at dei tilsette ikkje hadde fått ei rettferdig og korrekt behandling av sin arbeidsgjevar, Lindås kommune. Utfallet av sakene stridde mot folks ålmenne rettsoppfatning.

Mange let seg engasjere. Det gjorde også vi som står bak dette skrivet, ei sjølvoppnemnd gruppe av erfarne folk frå ulike yrkesgrupper med variert arbeidsbakgrunn. Over ein periode har vi sett nærare på innhaldet i sakene og korleis leiinga i kommunen har behandla dei. Vi har gått gjennom alt av tilgjengelege saksdokument. Vi har involvert og rådført oss med fagpersonar som har kunnskap og lang erfaring innanfor dei ulike saksområda.

Vårt fokus har vore på kommunen si **forvaltning** – ikkje på personalsakene og personar. Vår tilnærming er på eit overordna og prinsipielt plan: Korleis er praksis i administrasjonen i Alver kommunen i høve til Forvaltningslova, Opplæringslova og Arbeidsmiljølova? Er praksis i kommunen i tråd med gjeldande normer og retningslinjer for kva ein kan forvente av tilfredstillande og korrekt sakshandsaming?

Sakene som er omtala, oppstod like før kommunesamanslåinga. Likevel meiner vi at Alver kommune, som ein rettsinstans, har det rettslege ansvaret for saker som oppstod i Lindås kommune i 2019. Det er eit poeng her at rådmannen og oppvekstsjef i Alver kommune, var dei som hadde ansvar for sakene i Lindås kommune.

Vi vil gjennom fire punkt påvise brot med gjeldande normer og retningslinjer for tilfredsstillande og korrekt sakshandsaming.

- 1) Manglande lokal plan og rutinar for Opplæringslova § 9a våren 2019
- 2) Formelle feil i sakshandsaming, referatskriving og dokumentasjon
- 3) Manglar i prosedyren ved «oppseiing»
- 4) Hemmeleghald av prosess

1) Manglande lokal plan og rutinar for Opplæringslova § 9a våren 2019

Kommunestyret i Alver vedtok 29. oktober 2020 at det skal gjennomførast ein kommunerevisjon , der Opplæringslova §9 a skal evaluerast frå perioden januar 2020 og fram til no. I dag veit vi at Alver kommune har ein plan og rutinar for korleis ein følgjer opp saker i samband med Opplæringslova § 9a. Dette har rådmannen gjort greie for i kommunestyret og oppvekstsjefen har informert om det same gjennom lokalaviser.

Både rådmannen og oppvekstsjefen har vist til denne planen og rutinane kvar gong det har blitt reist spørsmål om handteringa av sakene som oppstod våren 2019. Men det som ikkje stemmer i deira framstilling, er at denne planen ikkje var på plass før eit halvt år etter desse episodane skjedde. Først i midten av oktober 2019 kom plan og rutinar på plass.

I praksis betydde dette at Oppvekstavdelinga i Lindås kommune stod våren 2019 utan ein plan og rutinar for korleis ein skulle handsame saker i tråd med § 9a i Opplæringslova. Dette førde til feiltolkningar av lova frå arbeidsgjevar si side og ei handsaming av sakene som oppstod, som fekk alvorlege konsekvensar for to av lærarane i Lindås kommune.

Den eine saka er ikkje avslutta enno. Vi ber om at kommunerevisjonen ser nærare på kommunen si handtering av desse to sakene og konsekvensane dei har fått for to arbeidstakarar . Vi spør: Er dette god og forsvarleg forvaltning frå administrasjonen si side?

2) Formelle feil i sakshandsaming, referatskriving og dokumentasjon

a) Møteinnkalling

Arbeidstakar AA vart innkalla til eit «drøftingsmøte» 18.juni 2019, der «..mogleg oppseiing» står på agendaen. I sakspapira følgde det med eit referat frå forrige møte mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar (Lindås kommune) som vart halde 27. mai 2019.

Før vi kommenterer sjølv innhaldet i referatet, er følgjande opplysning viktig : Arbeidstakar AA får innkallinga (datert 11. juni 2019) til drøftingsmøtet via Posten og har det i hende 15. juni. Det er tre dagar før møtet skal finne stad. Arbeidstakar og fagforeining får dermed urimeleg lite tid til å førebu seg til eit så avgjerande og alvorleg møte. Ein må og ta me at i dette tidsrommet nærmar det seg ferieavvikling, noko som skulle vise seg å by på problem med å skaffe juridisk bistand på så kort varsel. Under ei seriøs møteleiing hadde aldri ei slik møteinnkalling blitt godkjend.

b) Agenda

I strid med god og forventa sakshandsaming, har møteleiinga fjerna to grunnleggjande postar frå agendaen: «Godkjenning av innkalling» og «Godkjenning av referat». Det manglar dokumentasjon som stadfestar at slike godkjenningar har funne stad.

c) Møteleiing

Møteleiar for drøftingsmøtet er personalrådgjevaren, som og fungerer som referent i møtet. Det er svært uvanleg at møteleiar også skal vera referent i eit møte. Å fylle begge desse rollene på ein god måte samstundes er ikkje lett. Referatet frå drøftingsmøtet (datert 20.06.2019) viser manglande kunnskap om grunnleggjande møteleiing og sakshandsaming. Personalrådgjevaren skriv: «Før agenda ønskjer AA og fagforeininga å leggje fram merknadar til referat på forrige møte. Merknadane vil bli arkivert saman med referatet.»

Dette er alvorlege sakshandsamingsfeil. For det første skal ikkje kommentarar til det forrige referatet handsamast utanfor agenda, men skal derimot stå som ei eiga sak på agendaen: «Godkjenning av referat.» For det andre skal ikkje merknadane vere noko utanfor referatet, som eit vedlegg. Referatet skal vera eitt dokument. Merknader som kjem inn, skal innarbeidast i hovuddokumentet. Om møtedeltakarane ikkje vert samde om referatet og eventuelle merknader, skal dei likevel innarbeidast i hovuddokumentet og skriva kven som står bak formuleringane. Dette er det ikkje teke omsyn til.

d) Møtereferat

Eit møtereferat er å sjå som eit juridisk dokument. Det er det skriftelege beviset på kva som har blitt sagt og bestemt på eit møte. Føremålet med eit referat er å få fram kva møtedeltakarane meiner eller har meint på møtet. I den samanheng er det avgjerande at referenten opptre sakleg og objektivt. Det er viktig at møtedeltakarane får moglegheit til å godkjenne referata, slik at dei kan gå god for at dei er riktig forstått og sitert. Først når eit referat er godkjent og underskrive av alle partar er det eit juridisk dokument.

I saka til AA føreligg det fire referat datert 22/05, 27/05, 20/06 og 04/07. Eitt av referata er signert av rektor på den aktuelle ungdomsskulen, dei andre av ein personalrådgjevar ved kommunen si HR-avdeling. Ingen av referata er signert av den andre parten (AA) /fagforeining.

På bakgrunn av opplysningane i referatet frå møtet 27. mai 2019, vel administrasjonen i kommunen å innkalle arbeidstakar til eit drøftingsmøte, då for å sjekke ut grunnlaget for å avslutte arbeidsforholdet. Til drøftingsmøtet har juristar frå fagforeininga sendt med ein skarp protest mot utforminga av det omtala referatet :

«Referatet inneholder en del betraktninger/tolkninger av AA sine uttalelser, og gir dermed ikke en objektiv framstilling av det som vart sagt i møtet. Dette fører etter vår mening til en del feiltolkninger av det som ble sagt. Hendelsene er også tatt ut av sin sammenheng og ville sett annerledes ut satt inn i en kontekst.»

Sjølv om fagforeininga poengterer alvorlege feil og manglar i referatet frå møtet 27. mai 2019, ser det ikkje ut til å ha noko å seie for administrasjonen Lindås kommune, representert ved rådmann, oppvekstsjef, personalrådgjevar og rektor. Arbeidstakaren sine grunnleggjande rettar i samsvar med arbeidsmiljølova er såleis ikkje teke omsyn til av Lindås kommune som arbeidsgjevar.

Referata er tendensiøse, der referenten vel ord og vendingar som underbyggjer arbeidsgjevar si oppfatning av arbeidstakar. Referata er og prega av referenten sine fortolkingar av kva arbeidstakar meinte. Det er og oppsiktsvekkande at referenten prøver å skape eit bilete av at arbeidsgjevar og fagforeining har den same oppfatning, men at det er arbeidstakar som ikkje forstår seg sjølv og sitt eige beste. Dette grensar mot maktmisbruk frå arbeidsgjevar.

Referata som eksisterer i sakene er av ein slik karakter at dei ikkje kan reknast som eit «juridisk dokument». Til det er dei for einsidige, partiske, fortolkande og tendensiøse. Juristar og andre fagfolk stadfestar denne oppfatninga.

Desse sakene viser at det trengst ein gjennomgang av kommuneleiinga sin praksis ved møteleiing og referatskriving.

3) Framgangsmåten ved oppseiing.

Eit arbeidsforhold er eit gjensidig forhold mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar kor begge har rettar og plikter. Desse er definert i arbeidsavtalen i arbeidsmiljølova og er supplert med praksis frå domstolane.

Har ei sak kome så langt at oppseiing vert vurdert som eit alternativ, er det viktig at begge partar opptrer ryddig og korrekt. Slike prosessar krev lang førebuing, og det er viktig at arbeidsgjevar kan dokumentere at den tilsette har fått moglegheit til å korrigere seg.

I siste møte i saka (04.07.2019) uttalte representanten frå personalavdelinga direkte til AA : «Me er komne til at du er uegna som lærar». Dei andre deltakarane på møtet var rådmannen, oppvekstsjefen, læraren og representant frå Undervisningsforbundet. Ingen av dei andre representantane frå kommunen kommenterte uttalen – altså må ein tru at dei var av same oppfatning.

Det seier seg sjølv at læraren opplevde situasjonen som djupt krenkande og audmjukande. Manglande tillit og støtte frå arbeidsgjevar, medieomtale om saka og usanne rykte som byrja å florere vart ei påkjenning. Midt oppi alt dette, er det eit moment som er gjort kjend i sakspapira, at læraren står overfor ein krevjande situasjon med alvorleg sjukdom i nær familie. Heile situasjonen vart ei svær psykisk utfordring. Dette er forhold som er viktig å ta med for å forstå dei vurderingane læraren gjer når han seinare skriv under avtale med kommunen.

Bakgrunn for vår vurdering.

a) Tidsaspektet.

Arbeidstakar AA vart innkalla til eit «drøftingsmøte» 18.juni 2019, der «..mogleg oppseiing» står på agendaen. I sakspapira følgde det med eit referat frå føre møtet mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar (Lindås kommune) som vart halde 27. mai 2019. I møte 4.7.2019 får så læraren melding om at han er “ueigna som lærar”.

Er ein halvanna månad på veg inn i ferietida (27. mai 2019 - 04. juli 2019) nok tid og eit bra tidspunkt for å køyre ein slik prosess ?

b) Mogelege merknader .

Dersom ein arbeidstakar ikkje utfører sine arbeidsoppgåver i samsvar med avtale og lov, må arbeidsgjevar følgje dette opp. Som eit første steg er det vanleg at arbeidsgjevar tek opp dette i ein ordinær personal-/medarbeidarsamtale.

Det er ingen historikk i denne saka som kan vise til at læraren har ein einaste merknad korkje munnleg eller skriftleg frå skuleleiinga om sitt arbeid med elevane.

c) Mogelege åtvaringar munnleg eller skriftleg.

Dersom arbeidstakar har gjort, eller let vere å gjere noko som er vesentleg ved utføring av arbeid i samsvar med avtale og/eller regelverk, kan ei åtvaring bli gitt av arbeidsgjevar. Føremålet med ei

åtvaring er at arbeidstakaren skal korrigere åtfærd. Det er viktig at arbeidsgjevar kan dokumentere at det har blitt gitt oppfølging av den tilsette sine feil og manglar i arbeidsforholdet.

Det eksisterer ingen dokumentasjon i saka som viser at læraren har fått noko åtvaring frå skuleleiinga, verken munnleg eller skriftleg.

d) Hjelp og rådgjeving for å korrigere åtfærd.

Arbeidsgjevar må i møtet opplyse om kva krav som gjeld arbeidstakar eller alternativt kva som vedkommande har gjort feil. Dersom lærar har eit spesielt problem, må skuleleiinga og lærar drøfta løysingar. Skuleleiinga kan/må tilby hjelp til læraren - med andre ord; læraren må få hjelp til å justere seg.

Leiinga ved skulen kom aldri med eit tilbod om hjelp og rådgjeving.

e) Vurdering av læraren i undervisningssituasjonen.

I prosessen med å vurdere om ein lærar er eigna eller ikkje, er det viktig å få vurderingar frå fleire hald. Det er naturleg at nøytral kompetanse vert trekt inn for å vurdere læraren i undervisningssituasjon med elevane. Ein skal heller ikkje undervurdere den fagekspertisen som ein finn blant kollegaer på skulen.

Korkje kollegaer eller nøytral ekspertise utanfrå har vore brukt for å vurdere læraren i arbeidssituasjonar.

f) Gyldige referat frå møte mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Læraren må og få høve til å bere fram sine eigne synspunkt i saka på lik linje med motparten.

Synspunkta til læraren må protokollførast. Jfr. Punkt 2 ovanfor.

Ingen av referata som skal dokumentere samtalane mellom arbeidsgjevar og lærar er godkjende. Dei må sjåast på som ugyldige juridiske dokument, og kan difor ikkje brukast som bevis i saka.

g) Dokumentasjon av grunnlag for å oppseiing.

Bakgrunn og årsak for dette må dokumenterast grundig. Ein må kunna visa til uforsvarleg praksis, meldingar og klage frå kollegaer, foreldre, elevar, mangel på korrigerings trass i åtvaringar munnleg og skriftleg.

I denne saka er alt basert på samtalar med EIN elev, foreldra til eleven, ingen åtvaringar munnleg eller skriftleg før ein vurderer å avslutta arbeidstilhøvet.

Lindås kommune som ein ansvarleg arbeidsgjevar burde teke ein «time out», utvist eit snev av omsorg for ein medarbeidar som låg nede for teljing. Saka burde blitt utsett og seinare blitt leia inn på eit konstruktivt og forsvarleg spor. Men slike omsyn tok ikkje rådmannen og administrasjonen. Dei køyrde prosessen vidare i sitt tempo.

Lindås kommune si løysing på saka var dei gav læraren eit tilbod på kroner 770.000,- for å fråtre stillinga si. Dette til trass for at læraren hadde uttrykt eit ønskje om å halde fram med å undervise. Han var villig til å justere/korrigere seg i undervisningssituasjon.

Administrasjonen sa at dersom han ikkje kom til å ta i mot tilbodet innan fristen, kom dei til å køyre sak mot han. Dette kan ikkje kallast noko anna enn eit utilbørlig press frå arbeidsgjevar og eit maktmisbruk. Sett ut frå den situasjonen AA var sett i då han skreiv under avtale med kommunen, vil me hevda at denne avtalen ikkje kan sjåast som gyldig, og at saka er dermed heller ikkje avslutta på korrekt vis.

4. Hemmelegald av prosess

I desse sakene har fleire prøvd å finne ut kva som eigentleg har hendt. Det er ikkje så rart når ein offentleg person som ein lærar/kollega er - brått forsvinn frå skulen/arbeidsplatsen. Mange sit igjen med spørsmål dei vil ha svar på.

Når administrasjonen har blitt kontakta om desse sakene, vert det vist til at teieplikta hindrar dei i å uttale seg. Dette gjeld også spørsmål som omhandlar bruk av lovverket frå arbeidsgjevar si side, bruk av midlar frå kommuneøkonomien og om rettsvern for dei tilsette. Folk som har engasjert seg, journalistar og andre, har opplevd at kommunen har lagt lokk på sakene og gjort dei utilnærmelege under overskrifta «personalsaker». På den måten vert fokuset flytta vekk frå kritiske merknadar til sakshandsaminga.

OPPSUMMERING

Er praksis i kommunen i tråd med gjeldande normer og retningslinjer for kva ein kan forvente av tilfredstillande og korrekt sakshandsaming?

Rådmannen sa i sitt innlegg på kommunestyremøtet 29. oktober 2019 : - Det at kommunen tek slike saker på alvor, bør gje kommunen tillit.

Dersom rådmannen og administrasjonen hadde teke desse sakene på alvor, då hadde vi sett eit heilt anna presisjonsnivå i høve til praksis i møte med Forvaltningslova, Opplæringslova og Arbeidsmiljølova. Det vi har vore vitne til, gjev ikkje tillit.

Rådmannen orienterte kommunestyremøtet om at det var svært få personalsaker blant dei 2700 tilsette i Alver kommune. «Ingen av dei tilsette i kommunen treng føle uro», la han til.

Det er stor grunn til uro. Desse to sakene avdekkjer ein systemsvikt i kommunen si forvaltning. Mangel på kompetanse og kvalitetssikring i den øvste leiinga i kommunen, fekk og kan få alvorlege følgjer for rettsvernet til den einskilde arbeidstakar. Ikkje berre for lærarar, men for arbeidsmiljøet til alle dei 2700 tilsette.

Dette får og konsekvensar for omdømet til Alver kommune som arbeidsgjevar. Med tanke på rekruttering av nye medarbeidarar, kan dette vere eit hinder for nokon å søkje jobb i kommunen.

Framleis er her mange spørsmål som manglar svar:

- Kjøpte kommunen seg her ut av ei sak dei truleg ville ha tapt i retten ?
- Oppseiing utløyser rettar for den som vert oppsagt. Går kommunen klar desse rettane ved å laga ein slik avtale ?
- Dersom ein tilsett har gjort grove feil i arbeidet sitt som utløyser oppseiing, skal då denne personen få betalt ?
- Er dette riktig bruk av innbyggjarane sine skattepengar?
- Kor i budsjettet finn ein pengar til slike økonomiske avtalar?
- Kvifor er det eit hemmelegald bak summen i denne saka? Skal ikkje kommuneøkonomien vere transparent for innbyggjarane?
- Kva mandat har kommunestyret gjeve rådmannen i slike saker? Kor ligg beløpsgrensa - før rådmannen må konsultera politisk leiing om bruk av kommunale midlar?

Vi ber om at kontrollutvalet går gjennom desse to sakene og vurderer korleis administrasjonen i kommunen har handtert dette i høve til Opplæringslova, Arbeidsmiljølova og Forvaltningslova, med det som mål at desse to får si rettferdige oppreising og andre arbeidstakarar slepp å oppleva slikt i framtida.


Med venleg helsing



Reidar Konglevoll



Helge Brekke.



Håvard Giezendanner